



DET KONGELEGE FORNYINGS-
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

Statsråden

Konkurransetilsynet
Postboks 439 Sentrum
5805 BERGEN

Dykkar referanse

Vår referanse
200803352

Dato
03.02.09

STATSBUDSJETTET 2009 – TILDELINGSBREV

1. INNLEDNING

Det vert vist til Stortinget si behandling av St. prp. nr.1 (2008-2009) jf. Budsjett-innst. S. nr. 8 (2008-2009). På denne bakgrunn gir Fornyings- og administrasjonsdepartementet i dette tildelingsbrevet dei økonomiske rammene for Konkurransetilsynet i 2009, og fastlegg mål, resultatkrav og krav til rapportering.

2. UTFORDRINGAR OG PRIORITERINGAR

Sjølv om Konkurransetilsynet sine oppgåver ligg fast, må tilsynet møte nye oppgåver, prioritere handhevingsressursane og tilpasse seg krav frå innbyggjarane og overordna styringsmakter på ein effektiv måte.

Konkurransetilsynet skal handheve konkurranselovgevinga for å få til velfungerande konkurranse mellom føretak, følge opp tiltakspakka mot konkurransekriminalitet, og betre næringslivets kjennskap til ordninga med lemping.

Konkurransetilsynet skal vurdere kva finanskrisa har å si for innretninga av konkurransepolitikken. I lys av ei slik vurdering skal tilsynet tilpasse sin strategi, ressursdisponering og faglege prioritering.

Tilsynet skal halde seg oppdatert på korleis konkurransestyresmakter i andre land vidareutviklar bruk av indikatorar og metodar for å synleggjere og evaluere effektar av

konkurranspolitikken. Erfaringar frå internasjonale studiar av konkurransepolitiske tiltak skal så langt som mogleg nyttast i tilsynets evalueringar.

Konkurransetilsynet skal gjere bruk av omdømeundersøkingar, og vurdere om desse og kan fange opp preventive verknader av handhevinga av konkurranselova.

Ein medviten gjennomgang av risiko aukar moglegheitene for å lukkast. Departementet er godt nøgd med tilsynets opplegg for risikovurderingar, og er oppteke av at Konkurransetilsynet vidareutviklar risikovurderingar som ledd i si interne styring.

3. MÅL OG RESULTATKRAV

Konkurransetilsynets oppgåver som tilsynsmyndigheit følgjer i hovudsak av konkurranselova og EØS-konkurranselova. Konkurransetilsynet skal vere eit rådgivingsorgan for departementet og utføre oppgåver for departementet i aktuelle spørsmål, fyrst og fremst på det konkurransepolitiske området.

Departementet kan gi Konkurransetilsynet konkrete oppgåver seinare i året dersom det er teneleg. Det vil skje skrifteleg og etter dialog med tilsynet. I prosjekt for etatsstyring vart Konkurransetilsynet og departementet samde om reglar og rutinar knytte til sakshandsaminga på viktige område. Styringsdialogen med departementet vil i tråd med konklusjonane frå etatsstyringsprosjektet følge ny syklus for etatsstyringsmøta med tildelingsmøte i februar, tilbakemeldingsmøte i april og statusmøte i oktober 2009.

Departementet legg vekt på at resultatrapporteringa til Konkurransetilsynet skal innehalde vurderingar av faktisk resultatoppnåing, med utgangspunkt i resultatkrava i tildelingsbrevet. Konkurransetilsynet vel sjølv verkemiddel for å nå måla departementet har sett.

Hovudmåla for Konkurransetilsynets arbeid i 2009, jf omtalen i St. prp. nr. 1 (2008-2009) er:

- Effektiv handheving av konkurranselova med tilhøyrande forskrifter og oppfølging av EØS-konkurranselova
- Tilstrekkeleg vektlegging av konkurranseomsyn innanfor andre politikkområde der Regjeringa ønskjer konkurranse
- Synleggjere resultatata av Konkurransetilsynet sitt arbeid
- Sikre effektiv sakshandsaming i sekretariatet for Klagenemnda for offentlege innkjøp

I dialog med Konkurransetilsynet har departementet utforma resultatkrav for tilsynets arbeid og rapportering i 2009 som er knytte til desse måla. Med utgangspunkt i hovudmåla framhevar departementet følgjande mål og resultatkrav som

Konkurransetilsynet skal arbeide mot i 2009 for å medverke til å oppfylle den overordna målsetjinga for konkurransepolitikken om auka velferd til beste for forbrukarane.

3.1 Forbods- og inngrepsføresegnene i konkurranselova og EØS-konkurranselova skal handhevast effektivt

Konkurransetilsynet skal avdekkje minst to tilfelle og bringe til opphøyr minst to tilfelle av alvorleg, forbode konkurranseregulerande samarbeid eller misbruk av dominerande stilling.

Tilsynet skal handsame alle meldingar om føretakssamanslutningar innan fastsette fristar.

3.2 Forsterke dei allmennpreventive effektane av tilsynets handheving

Tilsynet skal dokumentere auka kjennskap til konkurranselova og handhevinga til Konkurransetilsynet.

3.3 Handsame EØS-enkelt saker slik at norske interesser vert ivaretekne i samsvar med våre rettar og plikter etter EØS-avtalen

Konkurransetilsynet skal rapportere til FAD om utfallet av dei EØS-saker der tilsynet på vegne av Noreg har gitt merknader til Kommisjonen, og vurdere utfallet av sakene i forhold til føremålet med merknadene.

3.4 Handsame regelverkssaker i EØS slik at norske interesser vert ivaretekne i samsvar med våre rettar og plikter etter EØS-avtalen

Konkurransetilsynet skal aktivt følgje regelverksarbeidet i EU/EØS og assistere FAD med korrekt implementering av EØS-regelverket.

3.5 Synleggjere resultatane av Konkurransetilsynet sitt arbeid

Konkurransetilsynet skal nytte pris eller ein annan passande indikator for å synleggjere verknadene av konkurransepolitikken. Tilsynet skal velje tiltak og marknader som er representative for si verksemd.

- Tilsynet skal evaluere verknadene av minst eit vedtak om opphør av eit grovt brot på forboda.
- Tilsynet skal evaluere verknadene av minst eit vedtak om inngrep mot ei føretakssamanslutning.
- Tilsynet skal vurdere verknadene av minst ei påpeking etter konkurranselova § 9e.

3.6 Fremje konkurranse i utvalde næringar med konkurranseutfordringar

Konkurransetilsynet skal vurdere konkurransesituasjonen og trong for tiltak for å styrkje konkurransen i minst to marknader.

- Tilsynet skal gjere ei vurdering av trong for fleire tiltak for å styrkje konkurransen i IKT og daglegvaremarknaden.

3.7 Medverke til at det vert lagt vekt på konkurranseomsyn innanfor andre politikkområde der Regjeringa ønskjer konkurranse

Sakshandsaming skal innrettast med sikte på at mottakarar av påpeiking etter § 9 e tek omsyn til merknadene frå tilsynet.

Sakshandsaming skal innrettast slik at konkurranseomsyn vert gjort synleg og at mottakarar av høyringssvar tek omsyn til merknader frå tilsynet.

3.8 Oppretthalde omdømmet til Konkurransetilsynet

Konkurransetilsynet skal innrette sakshandsaming og kontakt med brukarar slik at tilsynet står fram som profesjonelt, serviceinnstilt og med høg juridisk og økonomisk kompetanse.

- Tilsynet skal gjennomføre omdømmeundersøking

3.9 Forbrukarar og andre etterspørjarar skal ha tilstrekkeleg informasjon til at etterspurnadssida i marknaden fungerer effektivt

Konkurransetilsynet skal vedlikehalde kraftprisbasen og vurdere om det er andre marknader som treng prisinformasjon for å betre marknaden verkemåte.

3.10 Leggje til rette for effektiv og forsvarleg sakshandsaming i sekretariatet for Klagenemnda for offentlege innkjøp

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for vanlege klagesaker skal vere mindre enn 3 månader.

Gjennomsnittlig sakshandsamingstid i saker der det er påstand om ulovlege direkteinnkjøp skal vere mindre enn 4 månader.

3.11 Tilsynets administrative rutinar skal vere i samsvar med krava i økonomireglementet og andre krav til forvarleg sakshandsaming i forvaltninga

Tilsynet skal halde tidsfristane i styringskalenderen i si rapportering til departementet.

- Tilsynet skal etablere rutinar som sikrar handsaming av høg kvalitet og overhalding av fristar i arbeidet knytt til oppgåver frå og opp mot departementet
- Tilsynet skal integrere og bruke risikovurderingar i styringsdialogen

4. RAPPORTERING I 2009

4.1 Utarbeiding av rapport for 2009

Konkurransetilsynet skal rapportere skriftleg om arbeidet to gonger i året. Utgangspunktet for tilsynet si rapportering er økonomireglementet for staten §§ 9 og 11 og føresegnene i punkt 1–5. Fristen for levering av årsrapporten til departementet er 15. februar 2009. For å sikre samanheng mellom føringane i St. prp. nr 1, dette tildelingsbrevet og tilsynets resultatrapportering, skal Konkurransetilsynet ta utgangspunkt i vedlagt resultatrapporteringstabell i si årsrapportering til departementet. Årsrapporten skal òg sendast Riksrevisjonen i elektronisk form innan denne fristen. Det skal rapporterast særskilt om bruk av midlane på post 23 KOFA.

I årsrapporten skal Konkurransetilsynet leggje vekt på å evaluere verknader og måloppnåing framfor reine aktivitetsskildringar. Konkurransetilsynet skal m.a. synleggjere ressursbruken og gi ei vurdering av dei prioriteringane som ligg til grunn for denne fordelinga. Der det ligg til rette for det, skal Konkurransetilsynet ta i bruk resultatindikatorar i synleggjeringa av resultata av Konkurransetilsynet sitt arbeid.

4.2 Rapportering gjennom året

Innan 15. april 2009 skal Konkurransetilsynet utarbeide ei risikovurdering for sine aktivitetar for 2009, jf. § 2.4 i føresegnene i reglementet for økonomistyring i staten. Denne vurderinga skal ta utgangspunkt i dei måla og prioriteringane som er fastsette i tildelingsbrevet, måla i tilsynet sine eigne strategidokument og verksemdplanlegging for 2009.

I halvårsrapporten for 2009 skal tilsynet rapportere om eventuelle avvik frå måloppnåing. Rapporteringa skal byggje på malen for avviksrapporteringa gjord i 2008, men innehalde aktuelle merknader til avvik og omtale tiltak som er sette i gang for å rette opp eventuelle avvik. Avviksrapporteringa skal vere departementet i hende innan 15. august 2009.

4.3 Økonomirapporteringa

Konkurransetilsynet skal utarbeide økonomirapportar per 1. april 2009, per 1. september 2009 og per 1. desember 2009. Rapportane skal utarbeidast etter følgjande mal:

- Disponibel løyving (tildelte midlar + ev. overføringar)
- Eventuelle omdisponeringar, jf. dei fullmaktene verksemda har
- Rekneskap per dato
- Samla venta forbruk i 2009

For post 01 og post 23 bør det gjerast greie for dei viktigaste føresetnadene og eventuell uvisse som ligg til grunn for utrekning av forbruk/inntekt. Større avvik

skal forklarast.

I tråd med etablert praksis vil departementet i 2009 halde 3 etatsstyringsmøte med Konkurransetilsynet. Møta vil følgje den nye malen departementet og Konkurransetilsynet er samde om.

Fast rapportering til statsrekneskapen skal skje i tråd med retningslinjene frå Finansdepartementet, jf. rundskriv R-10/2006.

5. BUDSJETTILDELING

5.1 Rammer

Konkurransetilsynet er tildelt kr. 84 477 000 fordelt på følgjande kapittel og postar i 2009:

Kap. 1550 Konkurransetilsynet

		<i>(i 1000 kr.)</i>
Post	Nemning	Budsjett 2009
01	Driftsutgifter	79 257
23	Klagenemnda for offentlige anskaffelser	5 220
Sum kap. 1550		84 477

Det er føresett at Konkurransetilsynet skal føre til inntekt kr. 210 000 fordelt på følgjande kapittel og postar i 2008:

Kap. 4450 Konkurransetilsynet

		<i>(i 1000 kr.)</i>
Post	Nemning	Budsjett 2009
02	Ymse inntekter	210
Sum kap. 4550		210

Inntektene er knytte til innbetaling av gebyr for handsaming av klagesaker etter regelverket for offentlege innkjøp i Klagenemnda for offentlige anskaffelser (KOFA).

5.2 Føresetnader for løyvingane

Konkurransetilsynet nytta i 2007 fullmakt til å overskride driftsløyvinga på post 01 til investeringsformål med kr. 2 529 000. Fullmakta som er nytta, set krav om ein tilsvarande innsparing i perioden 2008 til 2010. Departementet reduserte løyvinga i statsbudsjettet for 2008 på kap. 1550 post 01 med kr. 1 000 000. Departementet har i tråd med dette redusert løyvinga i statsbudsjettet for 2009 på kap. 1550 post 01 med kr. 800 000.

Dersom det i løpet av året oppstår uventa utgifter på post 01 Driftsutgifter eller post 23 Klagenemnda for offentlige anskaffelser, skal disse normalt dekkjast ved omdisponeringar innanfor den ramma som er gitt. Om det ikkje er mogleg, skal det takast opp anten om våren i revidert budsjett eller om hausten i nysalderinga av statsbudsjettet. Forslaga til justeringar skal innehalde:

- Grunngeving av forslaget om inntekts-/utgiftsendring.
- Klargjering av dei viktigaste føresetnadene og usikre moment knytte til løyvingforslaget.
- Utgreiing om kva tiltak som er gjennomførte for å avgrense utgiftsauken/inntektsreduksjonen.

Løyvinga på post 23 Klagenemnda for offentlige anskaffelser, er øyremerkt sekretariatsarbeid for klagenemnda og godtgjersle til medlemmer av nemnda.

5.3 Fullmakter

Som vedlegg til dette tildelingsbrevet følgjer ei oversikt over dei økonomiske og administrative fullmaktene som er delegerte frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet til Konkurransetilsynet i 2009.

6. AVSLUTNING

Økonomiforvaltninga i Konkurransetilsynet 2009 skal vere i samsvar med instruks fastsett av departementet 16. desember 2004. Konkurransetilsynet skal sjå til at dei etiske retningslinjene for statstenester er kjende i heile organisasjonen, og at dei vert etterlevde på alle nivå slik at integriteten til Konkurransetilsynet kan tryggjast. I vedlegg 4 følgjer dei administrative fellesføringane for departementets underliggjande verksemder for 2009 og krav til rapportering knytt til føringane.

I tråd med krav i § 7 i Reglementet for økonomistyring i staten og føringar gitte i dette tildelingsbrevet, vert løyvingane på kapittel 1550 stilte til disposisjon for Konkurransetilsynet.

Med helsing

Heidi Grande Røys

Vedlegg:

1. Økonomiske og administrative fullmakter for 2009
2. Styringskalender for 2009
3. Resultatrapporteringstabell
4. Administrative fellesføringar for 2009

Kopi m/vedlegg: Riksrevisjon